

ÅRSMELDING 2012

2012 blei eit godt år for stiftinga NORLA, med stor interesse for norsk litteratur frå utlandet og stor aktivitet i organisasjonen. NORLA gjennomførte oppgåvene sine i inn- og utland i samsvar med mandat og vedtekter.

Direktør Margit Walsø kom tilbake etter fødselspermisjon i slutten av mai 2012. NORLAs styre heldt seks styremøte i løpet av året. Rekneskap for 2012 er revidert og budsjett for 2013 er godkjent av stningsstyret (i styremøte 25.2).

Styrets samansetjing: Tre styremedlemmer gikk ut og blei erstatta. Også dei to litterære råda fikk ny samansetjing. I det skjønnlitterære faglege rådet gikk tre medlemmer ut og blei erstatta. I det faglege rådet for sakprosa blei ein medlem erstatta. Opplysningar om desse finst på NORLAs heimeside www.norla.no.

NORLA opplever aukande interesse for norsk litteratur både frå utlandet og i Norge, og vi arbeider med å oppgradere heimesida for å betre informasjonen. Vi har også fått vidareført støtta frå Norsk Kulturråd for å utvikle ein samla database over norsk litteratur på andre språk. Vi har fått signal om at Nasjonalbiblioteket skal fullføre arbeidet i løpet av 2013.

*Omsetjingsstøtte**

Ein sentral del av NORLAs verksemd er å tildele omsetjingsstøtte etter søknad frå utanlandske forlag. Talet på søknader aukar frå år til år, og innvilga søknader er meir enn dobla frå 209 i 2006 (3,75 mill. i tildelingar til 30 språk) til 431 i 2012 (5,8 mill i tildelingar til 47 språk). Auken kjem alle sjangrar til gode, men for 2012 er det sakprosa og bøker for barn og unge som har størst auke; 104 tildelingar til sakprosa, 82 til barnelitteratur og 245 til skjønnlitteratur for vaksne.

Engelsk er det dominerande språket for 2012 (frå 21 tildelingar i 2011 til 34 i 2012), tett etterfølgd av dansk, tysk, svensk, fransk, russisk og nederlandsk. Omsetjingar til 47 språk er det høgaste talet på språk til no.

Bøker

Tal på tildelt omsetjingsstøtte til utgivingar:

Sjanger	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Fag	61	63	74	67	69	69	83	84	104
Barn og unge	24	25	22	43	37	47	46	64	82
Skjønn	72	92	113	200	173	179	200	235	245
Totalt	157	180	209	310	279	295	329	383	431

* oversikt over tildelingar er lagt ved.



NORLA – Norwegian Literature Abroad, Fiction and Non-Fiction

✉ P.O. Box 1414 Vika, NO-0115 Oslo, Norway. Visiting Address: Observatoriegaten 1 B.
Telephone: +47 23 08 41 00 Fax: +47 23 08 41 01 e-mail: firma@norla.no URL: www.norla.no

NORLA's deltaking på bokmesser

- NORLA deltok på dei viktigaste bokmessene i Frankfurt, Bologna, London, Paris, Moskva og Gøteborg. To forfattarar var invitert til bokmessa i Moskva; Nina Grøntvedt og Peter Normann Vaage.
- NORLA var representert på bokmessene i Leipzig, Budapest, Tallin og Bucuresti.
- I forbindelse med bokmessa i Gøteborg der Norden var gjesteland mottok tre omsetjarar stipend for å delta. NORLA bidrog med forfattarprogram på fellesstanden, som var eit samarbeid mellom ambassaden i Stockholm og Forleggerforeningen.
- For tredje år på rad besøkte NORLA bokmessa i Beijing.

Tiltak retta mot sakprosa

- NORLA arrangerte dagsseminar om internasjonalisering av norsk sakprosa, saman med NFF.
- Nordisk forleggarseminar for sakprosaforleggarar under bokmessa i Gøteborg. 25 (inkl. fem frå Norge) forleggarar frå dei nordiske landa deltok, til fagleg program og utveksling av idear og titlar. Arrangert i samarbeid med dei nordiske søsterorganisasjonane og støtta av Nordisk ministerråd.

Seminar

NORLA arrangerer og tek del i ei rekke samanhengar som involverer omsetjarar, norskstudentar ved utanlandske lærestader, internasjonale og norske forleggarar:

- Elleve omsetjarar blei invitert til Litteraturfestivalen på Lillehammer.
- Åtte engelske/amerikanske forleggarar (samarbeid med ambassaden i London, konsulatet i New York) og seks frå andre land var invitert til fagleg program om norsk litteratur og møte med norsk bokbransje i Oslo og på Lillehammer.
- Seminar for russiske omsetjarar i Moskva. Arrangert i samarbeid med ambassaden og universitetet i Moskva. Det var 99 påmeldte deltakarar på seminaret, som også var retta mot studentar. Ca 20-25 aktive omsetjarar deltok.
- Seminar for 29 tyske omsetjarar i Berlin. Også fem norske agentar deltok, i tillegg til 13 tyske forleggarar. Arrangert i samarbeid med ambassaden.
- Omsetjarseminar for ungarsk. Arrangert i samarbeid med universitetet i Budapest.
- Seminar for fagbokomsetjarar i samband med NFFs (Norsk Faglitterær Forfatter- og Oversetterforening) årlege omsetjarseminar i november. Ni omsetjarar deltok.
- Seminar i Oslo for åtte indiske forleggarar som representerer ulike indiske språk. Møte med norske forlag, norsk bokbransje, fagleg program, utveksling mellom norsk og indisk kultur og litteratur (Land i sør-midlar).

Øvrige tiltak

- NORLA besøkte engelske forlag i London for å knytte kontaktar og promotere utvalde titlar.
- Forlagsmøte i Bucuresti for å knytte kontaktar mellom forlagsbransje og omsetjarar. Seminaret ble arrangert under den rumenske bokmessa Gaudeamus, i samarbeid med utanriksstasjonen og universitetet i Cluj. Fire doktorgradsstudentar i norsk frå Cluj og tidlegare norskstudentar deltok.
- Nordisk kollegamøte i Oslo med utveksling av erfaringar, arbeidsmetodar og organisering.
- NORLA's styre besøkte kollegaer og styret i Dutch Foundation i Amsterdam for å utveksle planar og strategiar, og studere "best practice" i høve til NORLA's verksemd.



- NORLA deltok i ei gruppe sett ned av Nordisk Ministerråd om etableringa av Nordisk Råds litteraturpris for barnebøker.
- NORLA inviterte norske agentar til to frukostmøte for å utveksle planar og satsingar.

Fokustitlar

Av årets bokutgiving vart det laga presentasjonsmateriell for førti titlar i alle sjangrar til NORLAs presentasjonar på bokmesser og i andre samanhengar. Det blei også laga engelske prøveomsetjingar av utdrag frå desse bøkene. Dette er NORLAs prioriterte titlar. I tillegg arbeider NORLA aktivt med backlist, og gir merksemrd til fleire titlar, tilpassa dei ulike samanhengane vi opptrer i.

Besøk av presse, omsetjarar og andre ressurspersonar til Norge

I samarbeid med utanriksstasjonane og forlag i utlandet blei fem journalistar invitert for å synleggjere norsk litteratur i utlandet.

I løpet av året besøker ei rekke omsetjarar Norge for å delta på konferansar og seminar, treffje forfattarane som dei har omsett, i tillegg til forleggarar og agentar. NORLA støttar ofte reise, og gjerne også heile eller delar av opphaldet ved slike besøk.

Tildelingar:

12 studiestipend til omsetjarar

42 reiser til omsetjarar og forleggarar

Reiser frå Norge*

NORLA bevilga reisestøtte til 19 lanseringsreiser for norske forfattarar til 13 land og tildelte 105 reiser frå Utanriksdepartementets støtteordning til besøk av norske forfattarar på festivalar og andre arrangement i 37 land. Gjennom Utanriksdepartementets reisestøtte for forfattarar og forelesarar til utanlandske universitet blei det bevilga støtte til 42 reiser til 17 land.

*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Promosjonsstøtte

NORLA tildelte 38 promosjonsstøtter til omsetjarar.

*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Engelske prøveomsetjingar

NORLA tildelte støtte til 25 engelske prøveomsetjingar.

Ekstrastøtte til publikasjonar i utlandet*

NORLA bevilga åtte ekstrastøtter til andre samarbeidsprosjekt i åtte land.

*oversikt over tildelingar er lagt ved.

Land i sør-midler

NORLA arrangerte eit tovegs-seminar i Oslo for kulturell, litterær og bransjemessig utveksling mellom norske og inviterte indiske forleggarar som representerte ulike indiske språk.

NORLA tildelte sju reisestøtter til seks land.

*oversikt over tildelingar er lagt ved.



Norden*

NORLA har vore koordinator for den nordiske omsetjingsstøtta sidan 2007. Støtta skal koordinerast frå Danmark frå 2013. For 2012 var den totale tildelinga for heile Norden vel 2,9 mill. norske kr. NORLAs andel utgjorde kr. 454 000. NORLA tildelte nordisk støtte til 82 utgivingar (65 med nordisk støtte, 17 med støtte frå NORLAs eigne midlar).

*oversikt over tildelingar er lagt ved.

8. mars 2013

For styret
Astrid de Vibe

For administrasjonen
Margit Walsø



NORLA – Norwegian Literature Abroad, Fiction and Non-Fiction

✉ P.O. Box 1414 Vika, NO-0115 Oslo, Norway. Visiting Address: Observatoriegaten 1 B.
Telephone: +47 23 08 41 00 Fax: +47 23 08 41 01 e-mail: firmapost@norla.no URL: www.norla.no

NORLA's translation grants for Norwegian books, fiction AND non-fiction 2012

431 applications granted translation subsidies of NOK 5.775.400 for translation into 47 languages.
 (A total of 446 applications received - total sum applied for: NOK 15.446.200).

Language	Grand Total	FICTION	NON FICTION
1 English	34	18	16
2 Danish	32	23	9
3 German	31	25	6
4 Swedish	28	17	11
5 French	24	19	5
6 Russian	19	13	6
7 Dutch	16	14	2
8 Arabic	15	10	5
9 Bulgarian	15	14	1
10 Czech	15	13	2
11 Hungarian	14	13	1
12 Spanish	14	10	4
13 Macedonian	13	11	2
14 Georgian	10	9	1
15 Icelandic	10	8	2
16 Polish	10	9	1
17 Italian	9	6	3
18 Faroese	8	8	0
19 Slovenian	8	7	1
20 Albanian	7	7	0
21 Amharic	7	4	3
22 Estonian	7	5	2
23 Korean	7	3	4
24 Serbian	7	3	4
25 Ukrainian	7	5	2
26 Portugese (incl Brazil)	6	6	0
27 Rumenian	6	5	1
28 Chinese (incl Taiwan)	5	4	1
29 Latvian	5	5	0
30 Slovakian	5	4	1
31 Croatian	4	4	0
32 Finnish	4	2	2
33 Hindi	4	3	1
34 Lithuanian	4	4	0
35 Turkish	4	4	0
36 Azerbaijani	3	1	2
37 Hebrew	3	3	0
38 Greek	2	2	0
39 Armenian	1	0	1
40 Belarussian	1	0	1
41 Bengali	1	1	0
42 Catalan	1	1	0
43 Japanese	1	1	0
44 Kirundi	1	1	0
45 Kurdish	1	0	1
46 Malayalam	1	1	0
47 Tamil	1	1	0
Grand Total	431	327	104



NORLA – Norwegian Literature Abroad, Fiction and Non-Fiction

✉ P.O. Box 1414 Vika, NO-0115 Oslo, Norway. Visiting Address: Observatoriegaten 1 B.
 Telephone: +47 23 08 41 00 Fax: +47 23 08 41 01 e-mail: firmapost@norla.no URL: www.norla.no

Alphabetical:

Language	Grand Total	FICTION	NON_FICTION
1 Albanian	7	7	0
2 Amharic	7	4	3
3 Arabic	15	10	5
4 Armenian	1	0	1
5 Azerbaijani	3	1	2
6 Belarussian	1	0	1
7 Bengali	1	1	0
8 Bulgarian	15	14	1
9 Catalan	1	1	0
10 Chinese (incl Taiwan)	5	4	1
11 Croatian	4	4	0
12 Czech	15	13	2
13 Danish	32	23	9
14 Dutch	16	14	2
15 English	34	18	16
16 Estonian	7	5	2
17 Faroese	8	8	0
18 Finnish	4	2	2
19 French	24	19	5
20 Georgian	10	9	1
21 German	31	25	6
22 Greek	2	2	0
23 Hebrew	3	3	0
24 Hindi	4	3	1
25 Hungarian	14	13	1
26 Icelandic	10	8	2
27 Italian	9	6	3
28 Japanese	1	1	0
29 Kirundi	1	1	0
30 Korean	7	3	4
31 Kurdish	1	0	1
32 Latvian	5	5	0
33 Lithuanian	4	4	0
34 Macedonian	13	11	2
35 Malayalam	1	1	0
36 Polish	10	9	1
37 Portugese (incl Brazil)	6	6	0
38 Rumenian	6	5	1
39 Russian	19	13	6
40 Serbian	7	3	4
41 Slovakian	5	4	1
42 Slovenian	8	7	1
43 Spanish	14	10	4
44 Swedish	28	17	11
45 Tamil	1	1	0
46 Turkish	4	4	0
47 Ukrainian	7	5	2
Grand Total	431	327	104



NORLA – Norwegian Literature Abroad, Fiction and Non-Fiction

✉ P.O. Box 1414 Vika, NO-0115 Oslo, Norway. Visiting Address: Observatoriegaten 1 B.
Telephone: +47 23 08 41 00 Fax: +47 23 08 41 01 e-mail: firma@norla.no URL: www.norla.no